Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Fårvik.

Gard: Hamra.

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julanissen som delar ût julagåver har vore kjend so lenge som gamle folk kan minnas. På julatrefestar delar nissen ut gotter.
2. Det er helst gotter nissen delar ut. I det siste har han delt ût pakkar med jolegåver i på sume gardar. Nissen får iktje noko for at han delar ût gåvene.
3. Det er jamnast ein vaksen gut eller mann som klar seg ût som nisse. Korleis han skal vera er her iktje nokon regel om.
4. Utstyret er maska med kvitt skjegg raud pinnhûva og kufta.
5. Ein kjøper maska det andre lagar ein sjølv.
6. Ein brukar julanissemaska når ein går julabokk.
7. Julabokkane deler ût gotter.
8. Ein set nissen i samband med nissen som fekk julegraut.
9. I sume heimar her henger borni opp sokkane sine på sengastolpen

5310

2

dersom dei hadde vore snilde kom
nissen og la gotter eller andre gaver i
dei.

5310
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING